

Radøy Fotballklubb
Postboks 47
5931 Manger

Manger 30.09.19

Radøy kommune
v/Bente Hervik, Rådgjevar for kultur

Søknad om tilskot til integrering og inkludering

Radøy Fotballklubb ynskjer at alle born og unge skal ha moglegheit til å delta på aktivitetar på lik linje, uavhengig av sosioøkonomisk staus og føresette sin private økonomi. Radøy FK har i den forbindelse vedteke å oppretta eit fond som skal sikre born og unge denne moglegheita. Fondet skal bidra til auka inkludering i fellesskapet, hjelpe born og unge til å skape gode barndomsminne i lag med vener, og bidra til god psykisk helse.

Gjennom fondet kan ein få støtte til deltaking på cupar, reiser og sosiale tilstellingar som er i regi av laget. I tillegg kan ein få støtte til kjøp av utstyr som fotballsko, leggbeskyttarar, overtrekks-drakt osv. Alle som er medlem i Radøy FK inntil fylte 18 år kan nytte seg av fondet.

Me veit at mange barn og unge lever i såkalla låginntektsfamiliar, og difor kan verte ekskludert til å delta på ulike aktivitetar på grunn av familien sin dårlege økonomi. Barn og unge som lever under fattigdomsgrensa i Norge aukar, og det bidreg til auka sosiale skilnader.

Fondet har eit eige styre som tek seg av dei søknadane som kjem inn. Styret består av ein representant frå hovudstyret i klubben, ein ungdomsrepresentant og ein som ikkje har styreverv i klubben. Det er berre styret i fondet som får informasjon om den/dei som tek kontakt.

Me søker om midlar til Inkluderingsfondet til Radøy fotballklubb. Klubben søker om kr 20 000.

Med helsing
Radøy Fotballklubb
v/Jannicke Helland og Rune Marøy